

# Arbeidsplan for Vestland SV 2020 - 2023

---

## 1) Eit sterkare parti

Vestland SV er eit offensivt fylkesparti med **1982 betalande medlemmer**. Det siste året har laget hatt ein vekst på 21% og 350 medlemmer, og vi fekk auka oppslutning ved kommune- og fylkestingsvalet i 2019.

Det er ei stadfesting på at fleire er samde med oss, og det betyr at mange vestlendingar ynskjer å vere ein del av det prosjektet som Vestland SV står for. SV skal vere eit verktøy og middel for å bygge eit solidarisk Vestland basert på verdiar som mangfald, solidaritet og feminisme, og kjempe for klima og miljø.

Vi vil bruke engasjementet og kompetansen til kvart enkelt medlem i åra som kjem. Medlemmene våre og nye medlemmer skal føle seg ivaretekne og heime i partiet. Vestland SV vil leggje til rette for skulering og debatt, skape aktivitet som engasjerer og på sitt beste gje medlemmene ein sjanse til å forfølgje sine hjertesaker. Vi vil bruke partiapparatet, aktivistane og dei folkevalde i kommunestyra og i fylkestinget til å fremje vår politikk.

Hovudsaker for Vestland SV er modige og kunnskapsbaserte løysingar for miljø og klima, grønne og trygge samferdsleløyisingar, solid distriktspolitikk, rettferd, feminisme og mangfald på tvers av språklege, etniske og kulturelle grenser.

Vestland SV skal ha ein synleg medieprofil og fronte viktige saker på ulike medieplattformer. Vestland SV skal setje dagsorden i fleire viktige politiske saker.

## 2) For dei mange, ikkje for dei få

Vestland SV vedtok i 2019 eit politisk program som er grunnlaget for kva politiske saker vi prioriterer på fylkestinget. I dette arbeidsåret vert desse sakene viktige:

- Fylkesstyret skal i samarbeid med dei folkevalde og lokallaga våre, arbeide for gode miljø- og klimaløysingar i fylkestinget og i kommunane.
- Fylkesstyret skal saman med miljøpolitisk utval arbeide med politikikutviklingsprosjektet Ny grøn deal, og fremje fylkeslaget sine meiningar.
- Saman med kvinnepolitisk utval, lokallaga, folkevalde og fagrørsla skal fylkesstyret arbeide for å få fleire i heiltid og fremje heiltidskultur i kommunane og fylket.
- Fylkesstyret skal saman med kvinnepolitisk utval, kvinnerørsla, lokallaga og dei folkevalde få fram det viktige arbeidet til krisesentera, og arbeide for betre økonomiske ordningar for desse.

## 3) Medlemmer

Vestland SV har 1982 betalande medlemmer. Det er ein vekst siste året på 350 medlemmer. Det er 19 lokallag med under 30 medlemmer, 11 lag med mellom 33 og 88 medlemmer, og så er det Bergen SV som har heile 1039 medlemmer. Vi vil fortsetje medlemsveksten i åra som kjem.

- Målet fram til 2023 er å ha 2500 betalende medlemmer.
- Fylkeslaget har som mål å verve 150 nye medlemmer i 2020. Av desse skal kvart av lokallaga verve minst 3 medlemmer, og det er eit mål at minst fem av lokallaga som i dag har under 30 medlemmer skal kome seg over 30 medlemmer og dermed få to utsendingar på fylkesårsmøtet.
- Vestland SV skal følgje opp vervekampanjar frå sentralt hald, og ha skulering og drøfting av kva som gjev god medlemsverving som emne på samlingar.
- Nye medlemmer skal bli ringt opp av lokallagsleiar eller fylkeslaget
- Nye medlemmer skal i løpet av det fyrste halve året bli invitert med på medlemsaktivitet. Der det ikkje er lokallag kan medlemmene bli invitert til nabolag.
- Lokallaga skal bli engasjert i arbeidet med å sikre at medlemmene betalar medlemskapen.

#### 4) Lokallag

Vestland fylke har 43 kommunar. Vestland SV har 31 lokallag fordelt på 31 kommunar. Av desse lokallaga er det 29 som har representasjon i kommunestyret. Det er stor spennvidde i kor aktive laga er, og kor mange medlemmer dei får med seg i arbeidet. Fylkeslaget skal støtte opp arbeidet i lokallaga. Fylkeslaget skal vere med å bidra til godt arbeid i kommunane, gje ny kunnskap og invitere til samlingar som gjev inspirasjon til fornya innsats og politisk gjennomslag.

**Mål:** I 2023 skal fylkeslaget ha 39 lokallag med 39 kommunestyrelister.

- I fireårsperioden skal vi starte opp 8 nye lokallag fordelt på 2 nye lokallag i året.
- Lokallaga skal styrkast. Fylkesstyret skal ha jamleg direktekontakt med lokallaga og folkevalde.
- Lokallaga skal få tilbod om skulering, oppfølging av folkevalde og få besøk minst ein gong i året.
- Lokallaga skal få tilbod om utvida digitale fylkesstyremøte med både skulering og aktuelle saker, i tillegg til meir regionale samlingar for lokallaga.
- Framfor større fellesløft skal fylkesstyret samle lokallaga til felles nettmøte.
- Nye lokallagsleiarar (og lokallagsstyremedlemmer) skal få tilbod om å delta på nettmøte med opplæring i styrearbeid for lokallag.

#### 5) Utval og nettverk

Utvala våre kan på sitt beste vere svært viktige for å opne opp partiet for nye aktivistar og tillitsvalde. I tillegg til kan utvala vere svært viktige for politikktutvikling og debatt i organisasjonen, og dei kan vere ein viktig kunnskapsbase for partiet.

- Fylkesstyret set ned utval og fastset forventningar og planar til utvala. Dette skal gjerast så snart som råd og før påske.
- Ulike utval skal få i oppdrag å bidra til skulering, seminar og fellesmøte, og bidra til debatt og politikk og kunnskapsutvikling på einskildfelt.
- Fylkesstyret skal, eventuelt saman med utvala, setje i gang nettverk på e-post der medlemmer kan få tilsendt enkle nyhendebrev med aktuelle saker.
- **Kvinnepolitisk utval** skal, i samarbeid med Bergen SV, sørge for SV si deltaking på 8. mars og Kvinnefestivalen i Bergen. Det er forventa at SV er medarrangør på minimum eitt arrangement, og samarbeidsarrangør på fleire. Kvinnepolitisk utval bør oppmode og bidra til lokallagsaktivitet i samband med 8. mars i kommunane.

- **Miljøutvalet** skal ta ei leiarrolle i fylkeslaget i arbeidet med politikktutviklingsprosjektet Ny grøn deal, delta i Klimafestivalen i Bergen, gjere miljødagen 5. juni til markeringsdag og følgje dei aktuelle miljøpolitiske sakene i fylket vårt.

Miljøpolitisk utval bør søkje nært samarbeid med distrikts- og fagleg-politisk utval. Utvalet må også ta i bruk den omfattande kunnskapen som finst i regionen; hos UiB, Havforskningsinstituttet, Senter for marin miljøvennlig transport, CMI, Bjerknnessenteret, næringslivet og folk flest. Utvalet må bidra til at denne kunnskapen systematisk blir del av SV sin politikk på miljøområdet.

- **Fagleg utval** skal samle fagorganiserte SV-arar som er tillitsvalde i ulike deler av fagrørsla og bidra til debatt mellom desse og andre SV-arar. Det er eit mål for fagleg utval i VSV å gje innspel til SV sitt nasjonale arbeidsprogram både når det gjeld næringspolitikk og arbeidstakarane sine rettar. Fagleg utval skal oppmode og bidra til lokallagsaktivitet på 1. mai i kommunane. Fagleg utval skal ta initiativ til samarbeid mellom, og koordinering av, SV-arar som er tillitsvalde og deltakarar på større faglege konferansar og møteplassar i LO og UNIO, t.d. LO sin Regionkonferanse og Trondheimskonferansen. Fagleg utval skal søkje kontakt og samarbeid med LO sine lokalorganisasjonar og med andre hovudorganisasjonar sine regionale lag. Fagleg utval skal søkje samarbeid med Bergen SV om det faglege arbeidet.
- **Distriktpolitisk utval** skal bidra med politisk kunnskap og debatt, og søkje å samle SV-arar som er spesielt opptekne av dette politikkkfeltet. Saman med fylkesstyret skal utvalet utvikle ein distriktpolitikk som fremjar levande lokalsamfunn og sikrar berekraftig verdiskaping. Dette inneber at Vestland SV tar ei offensiv rolle i utvikling av politikken som fremjar betring av levekåra særleg i distrikta og for styrking av lokaldemokratiet.
- For å styrke arbeidet med å få fram fleire underrepresenterte grupper i SV, og arbeide fram politikk på feltet, skal fylkesstyret opprette eit **minoritetspolitisk utval** våren 2020.
- Internasjonalt nettverk skal i samarbeid med fylkesstyret sikre/styrke kontakten med partiet sine samarbeidspartnarar i Norden og Europa på regionalt og lokalt nivå. Fylkesstyret opprettar eit eige nettverk for Vestland av SV-arar som har kontakt med søsterparti i Norden og Europa.

## 6) Rekruttering

Det er eit mål å utvide partiet med mange og fleire ulike folk. Nokre grupper må vi kanskje arbeide systematisk med for å tiltrekke oss. Vi ynskjer å nå ut til fleire minoritetskvinner og -menn, og få dei til bli medlemmer og aktive i partiet. Spesielt i distriktslaga våre vil vi nå ut til fleire unge vaksne, og fagorganiserte.

- I samarbeid med utvala våre, skal fylkesstyret invitere målretta når det er høvelege tilskipingar.
- I arbeidet med listestilling til kommune- og fylkesting er det ekstra viktig å få fleire frå dei gruppene vi ynskjer å rekruttere inn på våre samlingar. Fylkestyret skal saman med minoritetspolitisk utval jobbe med å finne fram til kandidatar med bakgrunn frå underrepresenterte grupper og være pådrivar for at dei nominerast høgt.

## 7) Skulering og debatt

Hordaland SV har annakvart år dei siste åra invitert til ideologikonferansen «Vegval». Dette har vore eit populært skuleringstiltak og har tiltrekt seg både erfarne og nye medlemmer. Skal Vestland SV få eit skikkeleg løft med ein slik ideologikonferanse, bør vi få med oss lokallaga til å vere med å lage til og invitere. Det er viktig å nå både nye og meir erfarne medlemmer, i tillegg til eigne tillitsvalde. Vi skal tilby både politisk og organisatorisk skulering. I tillegg til slike store fellesløft skal vi få til fleire regionale samlingar.

- Hausten 2020 og hausten 2022 vil Vestland SV søkje å få til ein felles ideologikonferanse saman med lokallaga.
- Fylkestyret skal, saman med utvala, leggje til rette for at fylkeslaget bidreg med innspel til arbeidet til nytt stortingsvalprogram for SV.
- Vestland SV si fylkestingsgruppe har ambisjon om å bidra til skulering gjennom seminar og konferansar knytt til fylkestingsarbeidet og større overordna debattar. I samarbeid med fylkestyret vil ein saman med fylkestingsgruppa arrangere to heil/halvdags-seminar som tek føre seg utvalde tema, eitt på våren og eitt på hausten.
- For å gjere terskelen for å delta så låg som mogleg skal Vestland SV nytte nettmøte for å skulere nye medlemmer, til dømes med eigne nettmøte som tek føre seg emne knytt til sentrale og aktuelle debattar.

## 8) Digitale verktøy

Som eit ledd i planen om betre samarbeid mellom lokallag, skal Vestland SV gå til innkjøp av pakkar med webkamera, mikrofon og tilhøyrande stativ som lokallaga kan bruke. På denne måten kan Vestland SV samarbeide om større arrangement, slik som paneldebattar og innleiingar, der dagens løysingar ikkje er tilfredstillande og ikkje passar for større forsamlingar. Det er viktig at desse pakkene blir laga på ein slik måte at dei blir enkle å bruke og setje opp, slik at dei ikkje krev spesialkompetanse eller sekretærressursar. Som ei prøveløysing bør det være mulig å ha større møte i to lokallag samtidig, og oppretthalde kvalitet på lyd og bilde.

## 9) Kampanjar og merkedagar

Hausten 2020 skal det vere ein større kampanje i heile partiet der målet er å mobilisere lokallaga til å halde eit ope møte i kampanjeperioden. Tilskipinga skal i hovudsak handle om lokale saker, til dømes ei sak laget arbeidde med i valkampen. Målet er å få fleire aktive medlemmer til valkampen i 2021.

- Alle lokallaga skal ha tilskiping i kampanjeperioden.
- Merkedagane 8. mars, 1. mai og miljødagen 5. juni, og FN sin internasjonale dag for å avskaffe av vold mot kvinner 25. november, skal synast igjen i sosiale medium frå Vestland SV, og det er eit mål at alle lokallaga bidreg til aktivitet i sin kommune desse dagane.
- Vestland SV skal delta og støtte opp om Pride-arrangement over heile fylket. Alle tillitsvalde må bli minna på å bruke slike merkedagar og kampanjar til verving av nye medlemmer.

## 10) Oppfølging av folkevalde

Vestland SV er representert med folkevalde i fylkestinget og i 29 kommunar. Tre av desse er heiltidsfolkevalde: Marthe Hammer i Vestland fylkesting, og Mikkel Grüner og Diane Berbain i Bergen bystyre. Tre er varaordførarar: Vibeke Johnsen i Sogndal, Jan Olav Fretland i Lærdal og Kjartan Haugsnes i Vaksdal. Det er viktig å bruke denne ressursen på ein god måte, få til eit godt samarbeid og eit politisk fellesskap mellom dei folkevalde, samt yte støtte til dei nye folkevalde og til einmannsgruppene.

Det er eit mål å finne fellessaker som vi kan profilere saman i mange eller alle kommunestyre samtidig. På eit felles digitalt møte etter fylkesårsmøtet, kvart år, avgjer dei folkevalde kva som skal vere årets kampanje for SV-representantane. Fylkestyret skal saman med gruppeleiar på fylkestinget og dei andre folkevalde bidra organisatorisk til denne felles saka.

- Fylkestyret skal arbeide for at flest mogleg folkevalde reiser på folkevald-samling i Oslo 13.-15. mars.
- Vestland SV skal leggje til rette for ei folkevald-samling for våre folkevalde på hausten kvart år.
- Jamt utover året skal det vere eigne korte nettmøte med eigne emne for dei folkevalde.
- Fylkesstyremedlemene skal følgje opp sine kommunestyrerepresentantar, med vekt på ekstra oppfølging av dei nye folkevalde og dei som sit åleine for SV i kommunestyret.

## 11) Digital samhandling med veljarane

Å få ut sakene våre på ein god måte i sosiale medium, er viktig for å sikre oppslutning om våre saker, og for å få fleire av innbyggjarane til å røyste SV i val. Dette er viktig i valkampar, men også i det daglege politiske livet.

- Heimesidene skal vere oppdaterte på dei mest aktuelle sakene og den viktigaste informasjonen.
- Facebook-sida og Instagram-kontoen til Vestland SV skal oppdaterast jamleg.
- Både dei folkevalde og tillitsvalde skal lage og leggje ut fleire filmsnuttar om politikken vår.
- Både dei folkevalde og tillitsvalde skal lage og leggje ut fleire postar jamleg på sosiale medium. Heiltidsfolkevalde har eit særskilt ansvar og skal vere gode førebilete.
- Fylkestyret skal saman med lokallaga jamleg lage praktiske kurs og tips for tillitsvalde og folkevalde.

## 12) Førebuingar og gjennomføring av stortingsvalkampen 2021

På fylkesårsmøtet i år vart nominasjonsnemnder som skal lage framlegg til nominasjonslister til nominasjonsmøta for Hordaland og Sogn og Fjordane, peika ut. I 2020 bør fylkestyret førebu arbeidet med stortingsvalkampar i to valkrinsar hausten 2021.

- For å førebu fylkeslaget på to stortingsvalkampar skal fylkestyret setje ned ei eller to arbeidsgrupper som skal utarbeide ei organisatorisk dreiebok for dei to valkampane. Denne skal vere klar til nominasjonsmøtet.
- Når nominasjonslistene er klare, vert det sett ned ei eller to valkampgrupper som skal utarbeide den politiske strategien for valkampen. Den skal vere knytt opp mot programmet til stortingsvalet som landsmøtet vedtek, og den skal setjast saman med den organisatoriske dreieboka.
- Førsommaren 2021 blir det invitert til ei større valkampsamling for alle kandidatane, tillitsvalde og dei som ynskjer å bidra i valkampen.
- Det skriftlege materialet skal vere ferdig til trykking før jonsokaftan i 2021.
- Fylkeslaget og kandidatane er klare til aktiv valkamp frå 1. august.

### **13) Førebuingar og gjennomføring av kommune- og fylkestingsvalkampen 2023**

I november 2021 vert det arrangert eit eige listestillingsmøte mellom fylkesstyret og dei lokale laga. I dette møtet vert det analysert kva som er utgangspunktet for listestillingsarbeidet i Vestland SV, kor langt vi har kome i partibyggingssprosjektet og kva lag eller kommunar som krev størst innsats for å sikre ei god SV-liste. På bakgrunn av drøftingane vert det laga arbeidsfordeling og plan for listestillingsarbeidet i kommunane.

- Fylkesårsmøtet i 2022 vel nominasjonsnemnd til fylkestingsvalet, og drøftar mål og arbeidet med listestillingsarbeidet gjennom året.
- Fylkesårsmøtet set ned ein komité som skal førebu arbeidet, gjerne inkludere så mange som råd i partiet i drøftinga av nytt program, og skrive framlegg til nytt fylkestingsprogram for Vestland SV.
- Det blir laga eigne skuleringsamlingar gjennom året med sikte på å tryggje aktuelle kandidatar til å stille på liste for SV.
- For å førebu fylkeslaget på kommunevalkampen og fylkesvalkampen skal fylkesstyret setje ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ei organisatorisk dreiebok for dei to valkampane. Denne skal vere klar til nominasjonsmøtet og fylkesårsmøtet i februar 2023.
- Den organisatoriske dreieboka skal gje ei forventningsavklaring til kva som er forventa av lokallaga, lokale kandidatar, fylkesstyret, fylkeskontoret og fylkeskandidatane.
- Etter nominasjonsmøtet vert det sett ned ei valkampgruppe som utarbeider valkampstrategi med utgangspunkt i det nye fylkestingsprogrammet og den organisatoriske dreieboka.
- Førsommaren 2023 blir det invitert til ei større valkampsamling for alle kandidatar, tillitsvalde og dei som ynskjer å bidra i valkampen.
- Det skriftlege materialet skal vere ferdig til trykking før jonsokaftan i 2023.
- Fylkeslaget, fylkeskandidatane, lokallaga og dei lokale kandidatane er klare til aktiv valkamp frå 1. august.

### **14) Samarbeid med SU**

Vestland SV ynskjer eit godt og solid samarbeid med Vestland SU. Vestland SU møter i fylkesstyret med ein representant. Utover dette skal SU vere representert i utvala og arbeidsgruppene så langt som råd er.

- To gonger i året skal det vere eigne samarbeidsmøte mellom leiinga i Vestland SV og Vestland SU.
- Vi skal samarbeide tett og godt, og oppmodar lokallaga til det same.

### **15) Økonomiarbeid**

Grunnlaget for godt organisasjonsarbeid er ein solid og sunn økonomi. Fylkesstyret skal sørge for å ha budsjettkontroll, og samtidig søkje å finne nye inntekter gjennom året.

For å sikre at medlemmene kan delta i partiaktivitetane uavhengig av privat økonomi, skal Vestland SV i fellesskap søkje å halde deltakarpengar så låge som råd er. Ei rekke aktivitetar skal alltid vere gratis.

*Denne arbeidsplanen gjeld for 2020-23. Arbeidsplanen vert oppdatert og vedteken på kvart einaste fylkesårsmøte.*